

NILA OG DEN STORE REISA



DET
NORSKE
TEATRET

NILA OG DEN STORE REISA

AV MARIA KJÆRGAARD-SUNESSEN

MUSIKK: ANDERS ORTMAN

OMSETJING: RUTH LILLEGRAVEN

Nila **CATHARINA VU**

Bestefar **LASSE KOLSRUD/HANS RØNNINGEN**

Morgana **GJERTRUD JYNGE**

Yasin **EMIL RODRIGO JØRGENSEN**

Serdal, mfl. **HANS MAGNUS HILDERSHAVN RYE**

Aisha, mfl. **AMANDA KAMARA**

Mor, mfl. **KIM FAIRCHILD**

Far, mfl. **MIKKEL GYTHFELDT**

Hussein, mfl. **RICHARD LESSEY**

Rana, Sønnavinden, mfl. **RAGNHILD MELING ENOKSEN**

Said, Nordavinden, mfl. **JOAKIM OUSDAL**

Bassim, Vestavinden, mfl. **SIGURD VESTERØD MARTHINUSSEN**

Nazir, Austavinden, mfl. **CARL MARTIN PREBENSEN**

Amir, mfl. **SINDRE BJØRKE HØYANG**


BAND

Kapellmeister og piano **STÅLE SLETNER**

Fiolin **BJARNE MAGNUS JENSEN/MARI HALVORSEN**

Harpe **UNO VESJE**

Slagverk **CHRISTIAN SVENSSON**





Regissør **MARIA KJÆRGAARD-SUNESSEN**

Scenograf **MIE RIIS**

Kostymedesignar **UNNI WALSTAD**

Lysdesignar **CLEMENT IRBIL**

Koreograf **BELINDA BRAZA**

Lyddesignar **VIBEKE BLYDT-HANSEN**

Dramaturg **INGRID WEME NILSEN**

Inspisient **PER BERG-NILSEN**

Sufflør **TORILL STEINLEIN**

Rekvisitør **TONE BERNHOFT OSA OG ÅSHILD MJELDE NORDÅS**

Maskør **EMBLA HØYLAND SKOGNES**

Rekvismittmakarar **OLE JACOB BØRRETZEN, NIKLAS LINDBLOM OG KRISTINE OMLID**

Kostymekoordinator **TORHILD JENSEN**

Koordinator snikkarverkstad/smie **SIRI HUNDVIN**

Lysmeister **ALEKSANDER KOLSTAD**

Scenemeister **DANIEL RØNNING**

Alle kostyma er tilverka ved kostymeavdelinga

på Det Norske Teatret.

Takk til Balloon Company



FOTO: Dag Jenssen

ILLUSTRASJONAR: Dorte Walstad

Bilda er tatt i prøveperioden

GRAFISK FORMGIJVING OG TRYKK: 07 Media

REDAKSJONEN: Ida Michaelsen,
Maria Kjærgaard-Sunesen, Mie Riis

**URPREMIERE 13. OKTOBER 2018
PÅ HOVUDSCENEN**

Nila er ei lita jente som elskar å fortelje eventyr. Familien hennar ertar henne med at ho alltid går med hovudet i ein sky. Men Nila bryr seg ikkje om det, for ho veit at både familien og vennene hennar likar å høre på alt det spennande ho diktar opp.






GÅTE 1:
Kven er det
som har bein,
men ikkje kan gå
og som har mat,
men ikkje kan
ete?



Ein dag blir landsbyen til Nila angripen av Den Morganske Militis. Alle blir veldig redde, særleg veslesøstera til Nila, Aisha. Nila diktar eit eventyr for å trøyste Aisha.

Eventyret handlar om ein grufull drake som heiter Morgana. Draken er så levande at Nila føler at ho er der.





Plutseleg kjem mor og far springande og ropar at familien må flykte. I kaoset som oppstår kjem dei vekk frå kvarandre. Nila hamnar i ein liten båt saman med bestefar.







Så er Nila og bestefar heilt aleine i ein liten båt langt ute på det store havet. Nila er fortvila og rasande, men bestefar seier at ho må vere tolmodig, så vil ho få håpets kraft. Han minner henne om at ho kan fortelje eventyr for å få tida til å gå.



Midt i stjernenatta finn
Nila og bestefar ein gut
i vatnet. Han heiter Yasin,
og han er heilt aleine i verda.

Yasin fortel at han ikkje har
fantasi. Det trur ikkje Nila noko
på. Alle har vel fantasi?
Ho bestemmer seg for å prøve å
hjelpe Yasin å få fantasien tilbake.

GÅTE 2:

Kva er det som er
både ute og inne,
og som finst i kvart
einaste hus?









Nila diktar fantastiske eventyr
for Yasin om vindguden Ailos
og om forvandla prinsar
og prinsesser.



A stage performance featuring a large white swan costume with a gold crown, standing on a dark stage. A person in a white dress is inside the swan's body. In the background, a woman in a white dress stands at a podium, and a man plays a piano. A large blue balloon hangs from a string attached to the swan's neck. The stage has a dark, cloudy backdrop.

GÅTE 3:

Kor er havet
utan bølgjer, elvane
utan vatn, skogen utan
tre, byane utan hus og
fjella heilt flate?



Av og til har ho kjensla av at den skumle draken Morgana
dukkar opp og øydelegg dei fine eventyra.
Men Yasin trur ikkje på noko av det ho fortel.

Så blir bestefar sjuk, og døyr.
Nila og Yasin må gje kroppen hans til havet.



Utan bestefar kjenner Nila
seg tom og rasande.

Ho kjem ikkje på eit
einaste eventyr.

Det einaste ho kan sjå
føre seg er den vonde
draken Morgana, som
vil stele fantasien
hennar.

Ho blir sint på Yasin.
Kva har han her å
gjere eigentleg?
Kanskje det er hans
skuld at bestefar
døydde?





GÅTE 4:

Kva er både
inne og ute, men
ikkje nokon stader
på bakken?

Det bles opp til storm, og Nila fell
i vatnet. Ho søkk. Når ho slår opp
auga att, er ho i ei magisk verd
under vatnet.









Nila treff ein vakker prins som seier

at han heiter Prins Morgan.

Han gir Nila perler som ho kan ete,

og ho et.



Plutseleg forvandlar Prins Morgan seg til eit uhyre, og no skjønar Nila kven ho står ovanfor. Det er Morgana, draken frå eventyret!


Nila kjempar mot Morgana på havets botn. Nila vinn kampen, og Morgana forsvinn.

GÅTE 5:

Kva er det som høyrer utan øyre, snakkar utan tunge og svarar på alle språk?



Men Nila er så sliten. Ho orkar ikkje å symje,
ho har meir lyst til å bli på havets botn og
gløyme alt anna. Men så hører ho stemma til
mor si. Stemma seier at Nila ikkje har noko val,
ho må opp, for ho har ei oppgåve som ventar
der oppe. Ho skal spreie glede og håp med
fantasien sin, ho skal spreie støvet frå
fantasiens blå blome utover alle
menneska på jorda.





GÅTE 6:
Kva for veg
er den høgaste
i verda?

Yasin trekk Nila om bord i båten.
Ho er heilt utsliten. Yasin prøver å gi
henne kreftene tilbake ved å fortelje
eit eventyr.

Medan Yasin fortel begynner det å
falle kvite korn frå himmelen.
Kunne det vere... snø?
Og endeleg får Nila og Yasin
auge på land!

Dei klarer å komme seg opp på
ei strand. Men kva skal dei gjere
no? Dei er jo heilt aleine!
Og verda rundt dei er så
kvit og kald!





GÅTE 7:

Kven går ut
kvar einaste dag,
men er alltid heime
likevel?



Dei får auge på menneske i det fjerne.
Og plutseleg ser Nila at det er mor, Serdal og Aisha!
Og Yasin spring mot ein mann, det er onkelen hans!

Nilas store reise er over, sjølv om ho framleis saknar far og bestefar. Men ho veit at ho framleis har ei stor oppgåve framfor seg.











Her kan du skrive om ei stor reise
som du har vore på. Ho treng
ikkje vere full av farar, men
kanskje har du opplevd mykje
spennande likevel.

NAMN: ALDER:

KOR GJEKK REISA:

KVA REISTE DU MED:


KVEN VAR MED PÅ REISA:

KVEN MØTTE DU UNDERVEGS:

KVA ÅT DU:



FORTTEL OM KVA DU OPPLEVDE:





Del dine opplevelser hos oss på Instagram og Twitter.

FØLG OSS



Facebook: [detnorsketeatret](#)

Twitter: [@detnorsketeatre](#)

Instagram: [#detnorsketeatret](#)

[www.detnorsketeatret.no](#)

BILLETTLUKA: 22 42 43 44

SVAR PÅ GÅTENE:

- 1) Bordet
- 2) Døra
- 3) På kartet
- 4) Vindaugsruta
- 5) Ekkoet
- 6) Melkevegen
- 7) Snigelen

